



# Masfjorden Arbeidarparti



Førehandsrøysting:  
10. aug. – 8. sept.  
Valting 11. sept. Kl. 11 – 18  
på Nordbygda skule,  
kommunehuset  
og Matre skule  
Godt val!

## Kommunevalet 2023

# Masfjorden Arbeidarparti

## Partiprogram 2023 - 2027

*Saman for eit sterkare fellesskap*

[masfjorden.arbeiderpartiet.no](https://masfjorden.arbeiderpartiet.no)

# Kommunevalprogram 2023 – 2027

*Saman for eit sterkare fellesskap*



## Masfjorden Arbeiderparti

YNSKJER EIT SAMFUNN MED TRYGGLEIK OG GODE KÅR. POLITIKKEN BYGGJER PÅ FRIDOM, LIKEVERD, RETTFERDIG FORDELING, DEMOKRATI OG ARBEID FOR ALLE.

I KOMANDE VALPERIODE VIL MASFJORDEN ARBEIDARPARTI FØRE EIN POLITIKK FOR BETRE FELLESKAPSLØYSINGAR.

- **Gode oppvekstmiljø**
- **Gode helse- og velferdstilbod til innbyggjarane**
- **Aktiv næringspolitikk og arbeid for alle**
- **Bustadar for ulike livsfasar**

Ei stor oppgåve er å auke folketalet og å bevare og utvikle tenestene.

Desse oppgåvene er viktig for å kunne sikre trivsel og velferd til innbyggjarane i Masfjorden kommune. Å auke folketalet ligg i botn for satsingsområda i Masfjorden Arbeiderparti sitt valprogram.

## Eit lokalsamfunn i utvikling

**I perioden 2019 – 2023 har Masfjorden Arbeiderparti vore ein sterk og aktiv pådrivar for å**

- få Masfjordsambandet inn i Regional Transportplan (RTP) og lyfta det fram som ferjeavløysingsprosjekt
- få gratisferje på strekninga Duesund - Masfjordnes
- få breiband til alle
- få betre mobildekning i heile kommunen
- samlokalisere kommunale helsetenester i Fensfjordbygget på Hosteland
- legge til rette for bustadareal og samarbeid med private utbyggjarar
- etablere kommunal frivilligsentral
- etablere øvingssenter for brannkonstablar
- redusere barnehagesatsane og innføre gratis kjernetid i SFO for 1. klassingar
- bygge nye omsorgsbustadar på Hosteland
- sikre drift av Einekavane og Stordalen Skisenter ved at kommunen er ein aktiv eigar
- sikre lokal styringsrett for å unngå vindkraftutbygging i Masfjordfjella
- få eit aktivt ungdomsråd og etablere ungdomsfond
- gjere skulane dysleksivennlege

**Framsdebilde:** Framme frå venstre: Ragnvald Tangedal, Endre Tynning Nystrand, Torill Torsvik Størkersen, Renee Kårtveit, Liv Dyregrov, Harald Birkeland. Bak frå venstre: Birger Alias Wergeland, Bente Sissel Pilskog, Britt Inger Myhr, Merete Myhr Hope, Laila Solhaug Reknes, og Marit Bjørneklett.

For perioden 2023 – 2027 går vi til val på følgjande program:

## Gode oppvekstmiljø

Barn og ungdom er framtida for kommunen vår. I arbeidet med å skape trivsel og tryggleik for barn og unge i bygdene våre, ynskjer Masfjorden Arbeidarparti ein aktiv og open dialog med dei unge.



*Kreativ leik i barnehagane og skulane er viktig for borna*

### MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- støtte frivillige lag og organisasjonar som arbeider for barn og unge
- arbeide for rusfrie ungdomsmiljø
- arbeide for mobbefrie oppvekstmiljø, til dømes å tilby «De Utrolige Årene» på småskuletrinnet og MOT på mellomtrinnet
- leggje tilhøva til rette for eit styrka samarbeid mellom dei ulike oppvekstområda
- arbeide for inkludering og auka kulturforståing i skule og barnehage
- styrke arbeidet med Ungdomsrådet
- leggje til rette for at flyktningar og andre tilflytta ungdommar raskt vert inkluderte i ungdomsmiljøa våre

## BARNEHAGE OG SKULE

Masfjorden har tre gode barnehagar og skular. Barnehagen skal vere ein frivillig del av det livslange utdanningsløpet og gje rom for både leik og læring. Full barnehagedekking og mål om kvalifisert personale i alle einingar, er ei fanesak. Skulestrukturen for ungdomssteget må vurderast med målsetjing om at elevane skal ha eit best mogleg miljø, både fagleg og sosialt, og dei tilsette eit godt fagmiljø.

### MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- arbeide for framleis god kvalitet i barnehage, skule og SFO
- arbeide for å sikre kvalifisert personale
- sikre at løyvinga til lærar- og assistenttimar vert så høg at elevane får den undervisninga og den tilrettelegginga dei har krav på, både i barnehage, skule og SFO.
- arbeide vidare for låg foreldrebetaling
- arbeide for naudsynte midlar til ekskursjonar og styrke lokalkunnskapen for born og unge innan både historiekunnskap og næringsliv
- støtte elevbedrifter og entreprenørskap for elevar



- sikre midlar til kulturoppleving gjennom den kulturelle skulesekken
- leggje til rette for tidleg vasstilvenning og god symjeopplæring ved å utvide opningstidene for bassenget på Matre
- arbeide for å oppretthalde gode skuleruter til dei vidaregåande skulane, slik at ungdommen kan bu heime
- arbeide for å oppretthalde eit godt utdanningstilbod ved vidaregåande opplæring i regionen

## Gode helse- og velferdstilbod til innbyggjarane

### FOLKEHELSE OG VELFERD

Masfjorden kommune har eit godt omsorgs- og velferdstilbod. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats når det gjeld ulike omsorgsoppgåver. Me vil arbeide vidare for å trygge og gode helse- og omsorgstenester.



Sosiale møteplassar er viktig i alle aldrar

### MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- sikre gode legetenester
- arbeide for å styrke rekruttering og kvalitet i tenestene
- arbeide for å sikre og vidareføre eit dagtilbod med sosialt samvær og aktivitetar for eldre i alle deler av kommunen
- arbeide for at Masfjorden kommune skal bli ein demensvennleg kommune med individuelt dagtilbod
- sikre midlar til kulturopplevingar gjennom Den kulturelle spaserstokken
- arbeide for å oppretthalde eit godt barnevern
- at helsesjukepleiar er synleg og like tilgjengeleg for elevane på alle skulane med føreseieleg kontortid
- sikre gode tilbod til barn og unge med særskilde behov
- styrke det frivillige arbeidet gjennom frivilligsentralen
- gi gratis lusemiddel for å unngå at lus spreier seg i skule og barnehage

*For at folketalet i Masfjorden skal auke, vil Masfjorden Arbeidarparti at vi saman skal gjere Masfjorden så god å leve og bu i, at me alle vert gode ambassadører for kommunen vår. Me vil gjerne ha deg med på laget. Ynskjer du det, kan du finne innmelding på [www.arbeiderpartiet.no](http://www.arbeiderpartiet.no)*

# Aktiv næringspolitikk og arbeid for alle

Arbeidarpartiet har alltid hatt arbeid for alle som sitt fremste mål. Målet er å få alle som ynskjer det i heile stillingar. Det er med på å sikre inntekt, busetnad, personleg velferd og tryggleik. Me vil arbeide for å ta vare på dei arbeidsplassane me har og leggje til rette for nye arbeidsplassar i kommunen vår.

## MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- arbeide aktivt for å auke talet på læreplassar i alle aktuelle fagområde i kommunen
- arbeide aktivt for styrking av tal fagarbeidarar
- bruke Kraftfondet aktivt
- arbeide for vidareutvikling og etablering av arbeidsplassar både i Masfjorden og i Gulen gjennom styrking av GMU
- vere ein støttespelar i utvikling av reiseliv/turisme
- støtte opp om jordbruk, skogbruk og fiske, med lokale rammevilkår, til dømes når det gjeld forvaltning av hjort og gås.
- styrkje samarbeidet mellom næringsliv og skule, slik at elevane får kunnskap om arbeidsplassane i kommunen og på den måten sikre kvalifisert arbeidskraft til det lokale næringslivet
- sikre at tilbodet på Einekavane vert utvikla vidare
- støtte lokalt næringsliv og leggje til rette for areal i plansamanheng
- arbeide for eit seriøst arbeidsliv og motverke arbeidskriminalitet og sosial dumping



*Tid til å slå av ein prat er viktig*

## Bustadar for ulike livsfasar

Lokalsamfunn og nærmiljø må organiserast slik at me alle kan trivast i arbeid og fritid. Me har god plass i Masfjorden, og me må bruke arealet slik at det vert rimeleg å byggje og triveleg å bu i felt og på strøtomtar. Vidare må det i Masfjorden vere bustader som høver i ulik fasar av livet.

## MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- halde fram med å legge til rette for bustadtomter i alle deler av kommunen gjennom aktivt reguleringsarbeid
- arbeide for rimelegare gjennomgangsbustader for ungdom, einslege og seniorar
- oppretthalde etableringstilskot for bygging av nye og kjøp av bustader for dei i etableringsfasen
- nytte Husbanken i større grad som verkemiddel for sosial bustadbygging
- tilby tenestebustader for å sikre nødvendig personale
- vidareutvikle tilbodet med velferdsteknologi

## Kultur og kyrkje

Masfjorden har eit levande kulturliv gjennom kunst, språk, musikk og idrett, i ulike foreiningar og lag. Tradisjonar, lokalhistorie og kulturminnevern er også viktig for vår identitet. Dette må me ta vare på og vidareutvikle saman.

### MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- oppretthalde ein kulturskule med eit variert tilbod og høg kvalitet på tenestene
- sikre ei god bibliotekteneste i alle deler av kommunen
- vidareføre løyvingar til kulturmidlar og kulturminnevern
- fylgje opp kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- sikre vidare drift av symjebassenget på Matre
- utvikle hovudidrettsanlegget på Hosteland
- arbeide for vidareutvikling av Bjørn West-museet og andre samlingar/museum i kommunen
- arbeide for rimelegare/gratis instruktørar i kulturskulen for barn og unge
- auke syskenmoderasjon frå 30 til 50% for 3. søsken
- arbeide for at Stordalen kan utvikle seg vidare som eit attraktivt friluftsområde
- halvere betalingssatsen i idrettsskulen
- oppretthalde midlar til Fellesrådet, slik at dei kan ha ei forsvarleg drift og eit godt vedlikehald av kyrkjelege anlegg



*Solheim kyrkje i vinterlys.  
Kyrkja er ein viktig institusjon for mange gjennom livet.*

## Miljø og klimapolitikk

Det er viktig med auka fokus på miljø og klima både globalt og lokalt. Masfjorden kommune må gjere sitt for å bidra til eit berekraftig samfunn innan alle sektorar.

### MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- fylgje opp klima- og energiplanen i kommunal sektor
- arbeide mot vindkraftutbygging på land
- arbeide for gode gjenbruksordningar, ressursdeling, returordningar, attvinning og heimekompostering
- arbeide for at NGIR skal drivast som interkommunalt selskap i eigen regi
- etablere utlånssentral (BUA) med tilbod heile året
- bruke Fiskefondet aktivt til å fremje elvefisket
- ta vare på fjellområda våre og vere varsame med inngrep og utbygging
- verne om artsmangfaldet i kommunen
- støtte arbeidet med nasjonalparkområde i Fjonfjella
- rehabilitere gamle kraftverk og linjenett
- etablere plassar med hurtigladarar til e-bilar

# Samferdsel

Masfjorden har for det meste gode kommunikasjonar både mot Bergen og Sogn, men me har store utfordringar med offentleg kommunikasjon i Masfjorden. Store fysiske avstandar er ein av dei størst utfordringane.



*Besøk av stortingspolitikar Kirsti Leirtrø frå transportkomiteen for å lytte og lære om prosjektet Masfjoredbrua*

## MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- vidareføre arbeidet for å realisere Masfjordbrua
- arbeide for naudsynt vedlikehald av dei kommunale vegane
- arbeide for betre korrespondanse mellom buss og ferje
- vere pådrivar for å gjennomføre tiltaka i trafikksikringsplanen slik at skulevegen vert trygg for alle
- arbeide for å fjerne dei "kvite felta" i mobilnettet
- oppretthalde tidlege og seine ferjeavgangar
- bidra med utbetring av fylkesvegnettet gjennom planarbeid, regulering og samarbeid

# Kommunal styring og tenesteyting

Masfjorden kommune er ein god kommune å bu i. Vi leverer gode tenester til alle våre innbyggjarar, både unge og eldre. I 2022 var kommunen vår blant dei 20. best drivne kommunane i landet. Slik skal det også vere i tida som kjem.

## MASFJORDEN ARBEIDARPARTI VIL

- at Masfjorden kommune skal vere ein god arbeidsgjevar for alle kommunalt tilsette, gjennom god dialog og samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane
- arbeide for at dei kommunale tenestene ikkje vert privatisert
- at heiltidsstillingar alltid skal vere gjeldande utgangspunkt ved tilsetting
- arbeide for at kommunen skal følgje opp etablerte kompetanseplanar for å sikre gode etter- og vidareutdanningstilbod for alle tilsette og oppretthalde fagstipend
- arbeide for at kommunen i sine innkjøp stiller krav om at leverandørar skal ha landsdekkande tariffavtale
- at kommunen prioriterer innkjøp frå bedrifter som er godkjende lærebedrifter og har lærlingar
- arbeide for at det blir etablert vikar-pool i eigen regi for å dekke variablar i eige bemanningsbehov
- at det blir utarbeidd ei forpliktande serviceerklæring som sikrar god informasjonsflyt og sakshandsaming
- arbeide for vidareføring av brannberedskap og gode brannførebyggjande tiltak i samarbeid med Gulen kommune
- aktivt marknadsføre kommunen som ein god stad å bu og besøke.
- jobbe for at konsesjonskrafta også i framtida skal vere ein kommunal kompensasjon for avståtte naturressursar ved kraftutbygging



# Kandidatane våre - godt val!



Ordførarkandidat  
Torill Torsvik Størkersen\*  
Ytre Haugsdal

## Litt om ordførarkandidaten

Torill har i 2 periodar vore vara-ordførar i Masfjorden, og er no svært motivert for å bli vår neste ordførar. Privat jobbar ho som lærar ved Amalie Skram vgs. i Bergen, men har tidlegare jobba med næringsutvikling i mange år, ma. i GMU og Tysvær kommune. Hjartesakene hennar er gode oppvekstmiljø, gode helse- og omsorgstenester, realisering av Masfjordbrua og bulyst for alle.



Varaordførarkandidat  
Ragnvald Tangedal\*  
Frøyset



3. kandidat  
Mariann Fløtre Andvik\*  
Andvik



4. kandidat  
Endre Tynning Nystrand  
Nesjane



5. kandidat  
Marit Bjånes Bjørneklett  
Matre



6. kandidat  
Bjørn Rune Kvinge  
Kvingo



7. kandidat  
Bente Sissel Pilskog  
Rambjørgsvik



8. kandidat  
Terje Hafsås  
Hosteland



9. kandidat  
Renee Kårtveit  
Sandnes




10. kandidat  
Britt Inger Myhr  
Sandnes



11. kandidat  
Miriam Standnes Haugen  
Haugsvær



12. kandidat  
Aina Sleire  
Duesundøy



13. kandidat  
Birger Alias Wergeland  
Låveidet



14. kandidat  
Merete Myhr Hope  
Hope



15. kandidat  
Liv Dyregrov  
Nesjane

\* komulert plass